



# IHM

# info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer – Januar 2003

## Tid for nye sekker til plastemballasjen

Det er snart eitt år sida ordninga for innsamling av plastemballasje frå hushalda tok til, og mange har etterkvart behov for nye plastsekker.

Dersom du treng sekker, kan du gjere følgjande:



Heng lapp med melding på papirdunken (blå) når du set dunken fram. Hugs å ta omsyn til vêrmeldinga! Du kan til dømes leggje lappen inni ein gjennomiktig plastpose som du bind fast til dunken. På finvêrsdagar held det å tape ein lapp til dunken når du set han fram.

Du vil då få ny rull med sekker. Alle foto: IHM

Eller du kan hente ein ny rull på:

- Tenestetorget/Teknisk kontor i kommunen din
- Den sentrale miljøstasjonen i kommunen eller på Bjørkemoen
- Kontoret til IHM
- Dersom du er der når ein av renovasjonsbilane kjem forbi, kan du og spørje om å få ein ny rull

Har du framleis sekker att, kan du vente med å setje lapp på dunken til du går tom. Du vil alltid kunne få nye sekker til innsamling av plastemballasje når du treng det!

Meir om plast, sjå side 2



## Til kamp mot klimagassane på Bjørkemoen

sjå side 3

I dette nummeret av IHM-info kan du elles lese meir om desse sakene:

- Fleire reserverer seg mot postreklame
- Kurs i heimekompostering
- Returkartonglotteriet

Adresse: Postboks 161, 5701 Voss  
Kontor: Vangsgata 22B, 5700 Voss  
Telefon: 56 52 99 00  
Telefax: 56 52 99 01  
E-post: ihm@ihm.no  
Heimeside: www.ihm.no



**Indre Hordaland  
Miljøverk**

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

**Administrasjon:**

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar  
Helen K. Søbje, kontorleiar  
Gunnar Bråten, driftsleiar  
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

# Eitt år med innsamling av plastemballasje frå hushalda

- 80 tonn plastemballasje • 3.5 kilo per innbyggjar
- mål for 2003 er 5 kilo per innbyggjar

*Me er nøgde med resultatet så langt, men me ønskjer oss endå mykje meir plast!*

## VISSTE DU AT:

- Plast er produsert av råolje eller gass
- For kvar kilo plast som vert materialgjenvunne, sparar me to kilo olje
- For kvart tonn plast som vert materialgjenvunne, vert CO<sub>2</sub>-utsleppa redusert med 450 kilo
- Mjuk plastfolie vert gjenvunne i stort omfang ved 5 fabrikkar i Noreg, m.a. vert det årleg produsert 50-60 millionar avfallssekker av gjenvunne plastråstoff
- Plastflasker og kanner vert kverna opp og eksportert som råvare for nye plastprodukt som t.d. fleece-klede, liggjeunderlag og ryggsekker
- Bruskorker er eit populært råstoff som m.a. nyttast til stolar og kontorrekvisita
- Gjenvunne plastråstoff er rimelegare i innkjøp og mindre energikrevjande enn nyprodusert plast
- Plast kan erstatte fossilt brensel i industriell produksjon

Kjelde: Plastretur as

## Plasten har mange liv, la ikkje plasten enda sine dagar på deponiet i Bjørkemoen!

Dersom du ikkje har sortert ut plast tidlegare, har du høve til å starte det nye året som meir miljømedviten! Få tak i ein rull med sekker til innsamling av plastemballasje, sjå side 1. På sekkene står det kva som skal i sekken, og kva som ikkje skal i sekken. IHM har og utarbeidd ein informasjonsbrosjyre i høve ordninga. Denne finn du på heimesida vår [www.ihm.no](http://www.ihm.no). Du kan og få brosjyren tilsendt dersom du tek kontakt med IHM, tlf. 56 52 99 00, eller stikk innom kontoret.

[ellen@ihm.no](mailto:ellen@ihm.no)

## Sekk til innsamling av plastemballasje



Bruk den spesiallaga sekken til å samle plastemballasje i. Sekken er laga slik at du kan knyte godt att. Han er og perforert, gjennomhola av små hol, slik at han tåler presset han vert utsett for i bilen som hentar papir og plast. Dersom andre sekker vert nytta, kan dei sprekke slik at alle plastbitane vert blanda med papiret, og me får ein umogeleg sorteringsjobb. Renovatørane kan derfor ikkje ta med seg slike sekker sjølv om dei er fulle av plast!

## Papir og plast i same bilen

Av og til får me telefonar frå opprørte brukarar som påpeikar at dei har sett papiret og plasten verte tømt oppi same bilen slik at sortering er bortkasta arbeid. Men denne sorteringsjobben er viktig! Heile lasset vert seinare teke hand om på sorteringsanlegg slik at dei 4 avfallstypene papir, papp, drikkekartong og plastemballasje vert skilt ut kvar for seg før dei går til vidare gjenvinning. Å samle inn plasten saman med papiret gjev god transportøkonomi og lågare avgifter for abonnentane.

Vår oppmoding er: Hald fram med å sortere plastemballasje og hald fram med å kontakte oss dersom de ser noko i vårt system som de lurar på. Me prøver å svare etter beste evne, og oftast er det ei fornuftig forklaring.

[kaare@ihm.no](mailto:kaare@ihm.no)

# Til kamp mot klimagassane på Bjørkemoen

**Rundt rekna 7 % av alt utslepp av metangass her til lands vert rekna å kome frå avfallsdeponia. Metan er mellom dei farlegaste klimagassane, og det er viktig å få kontroll med desse utsleppa.**

I 2002 har det difor vore bygd eit deponigassanlegg på Bjørkemoen. Anlegget er samansett av om lag 600 meter røyr som er lagt 4 meter ned i deponiet. Ved hjelp av undertrykk vert deponigass sogt inn i røyra og ført fram til eit prosessbygg der ein kan måle mengd og samansetjing av gassen. For tida er gassmengda stabil på om lag 40 m<sup>3</sup> i timen og metaninnhaldet er 45%, noko som gjer at atmosfæren gjennom dette tiltaket vert spart for ei metanmengd på 160.000 m<sup>3</sup> på årsbasis.

Gassen vert førebels brent i ein fakkell, dvs. vert omgjort til CO<sub>2</sub> som er ein mykje mindre farleg klimagass. Det vert arbeidd med planar om å installere ein gassmotor som kan omforme energien i gassen til straum og varme som igjen kan brukast til å rense sigevatnet frå deponiet, og til oppvarming av bygg og anlegg. Energien i gassen som i dag vert teke ut av deponiet,

Oppsynsmann  
Nils  
Gjeraldstveit  
framfor  
den synlege  
delen av  
deponigassanlegget.

Foto: IHM



tilsvarar 200 kW kvar time noko som ville vere nok straum og varme til 35 einebustader.

Anlegget vart offisielt opna den 13. desember av Fylkesmiljøvernssjef Terje Aasen, og arbeidet med anlegget har vore utført av Spilde Entreprenør AS.

kaare@ihm.no

## Fleire reserverer seg mot postreklame

I samarbeid med Naturvernforbundet Hordaland gjennomførte IHM våren 2002 ein kampanje for å få fleire til å reservere seg mot reklame i posten. Som tillegg til informasjonsbladet til IHM vart det delt ut klistremerke som brukarane sjølve kunne feste på postkassa. Dette merket skal posten ta omsyn til. Siste oversynet over kor mange som har reservert seg mot postreklame, er frå byrjinga av desember 2002 og er vist nedanfor:

I grove trekk stadfestar våre tal den nasjonale trenden at det er i dei store folkesentra folk flest reserverer seg mot postreklame. Unntaket i vår region er Granvin herad der heile 19% av brukarane har reservert seg. Det er omlag på same nivå som Voss kommune som også har bra tal i nasjonal samanheng. Me gratulerer begge kommunane med god innsats!

kaare@ihm.no

Kommune	Brukarar som har reservert seg	Brukarar totalt	% som har reservert seg
EIDFJORD	51	381	13.4
GRANVIN	85	447	19.0
JONDAL	33	464	7.1
ULLENSVANG	98	903	10.8
ULVIK	46	471	9.8
VOSS	1016	5318	19.1



# Returkartonglotteriet: Alle kan vinne!

## Gje kartongane nytt liv!

Kvart år brukar me omkring 720 millionar drikkekartongar i Noreg. Det vil seie at kvar av oss brukar rundt 160 kartongar i året!



**Norsk Returkartong vil også i 2003 gjennomføre ein lotterikampanje. I det nye Returkartonglotteriet kan bretteing av drikkekartongar verte ein økonomisk støtte til ei foreining, organisasjon eller eit tiltak - eller eit bidrag til deg sjølv.**

Lotteriet vert i hovudsak gjennomført slik som Millionlotteriet (1997-2000) og Skulelotteriet (2001). I løpet av året vert det fire kvalifiserande trekningar på 72 forskjellige trekningstader i Noreg. Deltakarane frå desse trekningane går vidare til kvartalsvise nasjonale trekningar der det vert delt ut over 20 pengepremiar frå 10.000 til 100.000 kroner – og naturen vinn uansett!

Kartongane brettar du på same måte som før. Legg minst seks kartongar oppi den sjuande, men i staden for å skrive skulenamn og kommune på kartongen, kan du no velje å skrive **namnet på den organisasjonen,**

**foreininga, laget, skulen, barnehagen eller personen** du ønskjer skal vinne. Du må og hugse å skrive på **telefonnummeret til mottakaren.** Kartongkubbane leverer du i berepose som du legg i papirdunken (blått lokk).

Dersom du ønskjer meir informasjon om Returkartonglotteriet, kan du kontakte IHM eller du kan gå inn på våre heimesider [www.ihm.no](http://www.ihm.no) der du finn ei lenkje til Returkartong.

Lukke til!

[ellen@ihm.no](mailto:ellen@ihm.no)



Foto: Sjur Herre, «Hordaland»

Glade vinnarar frå Skulestad Skule (t.v.) og Bulken Skule (t.h.) saman med datautstyret dei vann i Returkartonglotteriet.



Foto: IHM

## Heimekompostering

Er du ein av dei som har fått sving på komposteringa, og gjerne vil dele kunnskapen din med andre? Då har du no høve til å utdanna deg til **kompostinstruktør.**

Gjennom Orio prosjektet *Heimekompostering* vil **Hageselskapet** og **Grønn hverdag** i samarbeid med Miljøverka ta eit tak for å få fleire til å kompostere.

### Kurset tek opp emne som:

- avfallshandtering
- praktisk kompostering
- problemløysing
- kvalitetssikring av produktet
- bruk av komposten
- instruktørrolla

Instruktørkurset går over **6 timar**

**laurdag 5. april i Odda.** Kurset er gratis.

Påmelding og meir informasjon får du hjå:

Grønt kompetansesenter v/Gunnbjørg Øyre, tlf. 56 53 88 00, eller Indre Hordaland Miljøverk, tlf. 56 52 99 00



Tegning: Svein Nyhus, Grønn Hverdag

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



ULLENSVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD



VOSS  
KOMMUNE